
Fra: Kjersti Møllerup Subba
Sendt: 17. november 2016 18:29
Til: 'Kari Johannessen'
Kopi: Anny Bastesen; Ingrid Raniseth
Emne: Reguleringsplan for Danielsen skule

Hei

Eg sit no og skriv saksutgreiinga for denne saka, og har med anna sett nærmare på kva for krav til uteareal som gjeld for skular. I *veileder til forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler* er det gitt nærmare retningslinjer for bl.a. størrelse på uteoppahaldsareal. Utifrå det eg kan sjå av rettleiaren vil tomta for ungdomsskulen ha ei svært høg utnytting slik planforslaget no ligg føre. Det går fram av planomtalen at det skal leggjast til rette for ein skule med opp mot 270 elevar, og utfrå normtal i rettleiaren vil det då vere behov for min. 10.000 m² uteoppahaldsareal. Eg kan ikkje sjå at tilhøvet til storleik og kvalitet på uteareala til skulen er vurdert tilstrekkeleg i dei mottatte plandokumenta, og ber om at dette blir vurdert nærmare før vi kan ta saka til sluttbehandling. Slik saka ligg føre no vil vi måtte vurdere å redusere utnyttingsgraden og ev. setje krav til minste uteoppahaldsareal på tomten. Det er nemnt i planomtalen at tiltakshavar disponerer arealet ved badevika, og at dette kan nyttast til ulike formar organisert aktivitet i tillegg til ballspel og bading. Dette kan takast med i vurderinga når det gjeld krav til størrelse på skuletomten, men vi må få tilhøvet til uteoppahaldsareal grundigare belyst enn slik saka ligg føre no, for å få vurdert nærmare om tomta kan utbyggast med den utnyttinga som er vist i planforslaget. Eg viser til rettleiaren (sjå lenke under), som omtalar dette under § 9.

<https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/418/Miljo-og-helse-i-skolen-Veileder-til-forskrift-om-miljørettet-helsevern-i-barnehager-og-skoler-IS-2073.pdf>

Eg skulle også gjerne sett at det vart gjort betre greie for arealet avsett til forsamlingslokale. Det står i planomtalen at dette arealet også skal nyttast av skulen (til bl.a. sløyd), men dette kjem ikkje fram av plankart og føresegner. Sidan det gjeld spesielle krav til areal som skal nyttast til skuleformål, og forsamlingslokale ikkje er dekkande reguleringsformål for denne bruken, må dette gjerast meir greie for og evt. sikrast i plankart og føresegner.

Med venleg helsing

Kjersti Møllerup Subba
Konsulent
Tlf: 41 42 42 47
E-post: kjersti.mollerup.subba@meland.kommune.no

